

Notat: Synfaring ved Fardalselvi

Til	NVE
Kopi	Sognekraft
Fra	Hywer v/Nina Elise Hjartholm
Prosjekt	Fardalselvi
Dato	27.08.2024 kl. 10.00- 14.00

Synfaring i høve detaljplan for landskap og miljø

NVE inviterte til synfaring ved Fardalselvi i høve detaljplan for landskap og miljø som Sognekraft sendte inn 10.07.2024. På synfaringa møtte følgjande:

Karianne Rognhaugen – NVE

Ole Per Skei – NVE

Kåre Fosse – Sognekraft

Harald Fimreite – Sognekraft

Nina Hjartholm – Hywer

Oppsummering av synfaring

Partane møtte opp ved avkøyring til Øvstedalsvegen, og avtalte vidare gjennomføring av synfaring. Ein starta så synfaringa ved inntaket og fylgde stort sett røyrtraséen ned til kraftstasjonsplasseiringa. Tiltak var stort sett ikkje merkt i terrenget, men vart referert ut i terrenget med GPS av Hywer. Undervegs vart ulike problemstillingar drøfta og endringar i arealbrukskart og detaljplan vart vurdert og avtalt utført. Dette resulterte i fleire endringar i desse dokumenta. Det er difor laga ny versjon av detaljplan for landskap og miljø. Endringane vart som beskrive i oversikta under. Under synfaringa undersøkte også Hywer etter dei raudelista artane ask og alm for å oppdatere datagrunnlaget og sikre at desse artane ikkje vart råka av ei utbygging slik som beskrive i førre versjon av detaljplan.

Detaljplan for landskap og miljø vart sendt på begrensa høyring til Mattilsynet, Statsforvaltaren i Vestland, Vestland Fylkeskommune og Sogndal Kommune 15. august 2024 med høyringsfrist 06. september 2024. Det kom inn 3 uttalar, desse er kommentert i enge vedlegg og uttalane er teke omsyn til i revisjon av detaljplan.

Endringer i detaljplan for landskap og miljø

Kapittel 2.2.2 Automatisk freda kulturminne og lokal kulturhistorie

- Beskriving av bruk av ferdavegen i anleggsperioden er lagt til.
- Ytterlegare vurdering kring flytting av røyrtrasé ved pel 2180 er lagt inn.

Kapittel 2.2.2 Landbruk

- Beskriving av handtering av jord frå eigedommar med planteskadeleggjarar er lagt inn.
- Tilleggsbeskriving om konteinarar for handtering av avfall.

Kapittel 3.3.2 Tilhøve langs røyrkata

- Beskriving av tilhøve mot steinmurar/rydningsrøyser.
- Tilleggsbeskriving for uttak av skog.

Kapittel 3.3.4 Bekkekryssing

- Tilleggsbeskriving av Bekkekryssing ved pel 950.

Kapittel 3.5 Kraftstasjon

- Beskriving av takdekke er lagt inn.
- Beskriving av hekkeshylle for fossefall er lagt inn.
- Ytterlegare beskriving av plastring i elv er lagt inn.
- Eksempelbilete av plastring er lagt inn.
- Beskriving av støyvoll er lagt inn.

Kapittel 3.5.7 Rigg og lagerområde ved vendehamar

- Kapitlet fjerna.

Nytt kapittel 3.5.7 Omlegging av landbruksveg

- Kapittel lagt til for å beskrive omlegging av landbruksveg ved bekkekryssing ved pel 950.

Kapittel 3.6 Massehandtering

- Tittel er endra frå Masseuttak/massedeponi til Massehandtering.
- Nemningar om deponi er endra til terrengjustering.

Kapittel 4.3.2 Biologisk vurdering av skog langs trasé 2016

- Nemningar om at det skal utførast registrering av ask og eik er endra til at det er utført og med referanse til denne.

Kapittel 4.3.3 Vurdering ut i frå oppdatert datagrunnlag

- Tilleggsbeskriving for uttak av skog.
- Avsnitt som beskriv tilhøve til planteskadeleggjarar er lagt inn.

Nytt kapittel 4.3.4 Registrering av førekomstar av ask og alm – August 2024

- Beskriving av funn i registreringar og vurdering av desse.

4.5.4 Drikkevassforskrifta

- Beskriving og vurdering av drikkevassbrønnar er lagt inn.
- Kart med oversikt over drikkevassbrønnar er lagt inn.

Andre endringar

- Utsnitt av arealbrukskart er skifta ut med nye utsnitt frå revidert arealbrukskart.
- Vedlegg 8 – Registrering av førekomstar av ask og alm – 2024

Endringar i arealbrukskart

- Trasé for kabelgrøft er endra.
- Trase mellom pel 0-300 er justert noko vekk frå driftsbygningen.
- Arealbruk er differensiert.
- Inngrepsområdet ved dam og inntak er utvida.
- Inngrepsområdet ved pel 2150 er noko justert.
- Riggområde ved vendehamaren er fjerna.
- Landbruksveg vest for inntaksområde er lagt inn i kartet.
- Ved pel 950 er veglinje ved bekkekryssing er lagt inn.
- Visning av kulturminne er lagt inn.
- Tekst om deponi er endra til terrengjusteringar
- Beskrivande tekst er lagt inn ved pel 1600.